



Saksframlegg

Høyring - forslag til innretning av havbruksfondet. Uttale frå Gulen kommune.

Saksnummer	Utval	Møtedato
002/16	Formannskapet	12.02.2016

Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Utsende saksdokument

Høyring av forslag til innretning av havbruksfondet
NFKK og Sjømat Norge sitt høyringssvar på innretning havbruksfond.docx

Ikkje utsende saksdokument

- ...

Bakgrunn for saka

Havbruksnæringa har utvikla seg til å bli ei viktig næring for Norge og for dei mange kommunane med oppdrettsverksemder langs heile kysten. Det vert i dag drive oppdrett av laks og ørret i totalt 160 kystkommunar, frå Lyngdal kommune i sør til Hammerfest i nord. Havbruksnæringa bidrar med aktivitet, sysselsetting og inntekter. Likevel opplever mange kystkommunar at dei får for lite igjen for å tilrettelegge for næringa.

Oppdrettsnæringa har hatt ei sterk vekst over fleire tiår og berre sidan 2005 er produksjonen av laks og aure meir enn dobla. Regjeringa melder no at dei ynskjer å legge til rette for vidare vekst i oppdretts- næringa, der ein av føresetnadane er tilgang på tilstrekkeleg og eigna areal. I regjeringa si politiske plattform går det fram at kommunar som stiller areal til rådighet for havbruksnæringa bør oppleve større positive ringverknader frå aktiviteten.

Nærings- og Fiskeridepartementet har i e-post av 10. desember 2015 sendt ut framlegg om innretning på havbruksfondet. Frist for å koma med merknad/innspeil er

18. februar 2016. Regjeringa tek sikte på å legge fram framlegg til innretting av havbruksfondet i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2016.

Dette framlegget drøfter mellom anna:

- Fordelingsnøkkel mellom fylkeskommunar, kommunar (tre modellar)
- Storleik og frekvens på utbetalingar frå fondet
- Administrasjon av fondet

I høyringsnotatet vert det vist til at tilgang på eigna sjøareal er ein knappheitsfaktor, og at havbruksnæringa treng nye og gode areal for å kunna vekse vidare. Per 10.11.2015 var det registrert 945 lokalitetar for kommersiell matfiskeoppdrett i Noreg, fordelt over 162 kommunar. Samla Tillatt Biomasse (MTB) var på same tidspunkt på 3.04 millionar tonn. I 2013 hadde havbruksnæringa ein direkte verdiskapning på 14,7 milliarder kroner.

Det vert vidare vist til Stortingsmelding 16 (2014 – 2015) "Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett", der regjeringa presenterer eit nytt system for justering av kapasiteten i oppdrettsnæringa basert på miljøindikatorar, handlingsreglar og ei inndeling av kysten i produksjonsområde.

Fordelingsnøkkel: Denne høyringsrunden gjeld ikkje den samla utviklinga i norsk oppdrettsnæring, men spesifikt korleis eit havbruksfond skal byggast opp og forvaltast. Under handsaminga i Stortinget gav Næringskomiteen slik innstilling vedkommande forvaltning av inntektene frå vederlag for nye konsesjonar:

"Komiteen mener en større andel av inntektene fra vederlag for nye konsesjoner og vekst på eksisterende skal tilfalle kommunene og fylkeskommunene som har oppdrettsvirksomhet. Komiteen peker på at dette er viktig for å stimulere kommunene til å stille egnede arealer til rådighet for oppdrettsnæringen.

Komiteen mener kommuner og fylkeskommuner med oppdrettsvirksomhet skal få 80 pst. av inntektene fra både vederlag for nye konsesjoner og vekst på eksisterende. De resterende 20 pst. tilfaller staten. Dette hjemles i akvakulturloven som et nytt ledd i bestemmelsen som i dag hjemler vederlag for tildeling av konsesjoner.

Komiteen mener inntektene som skal tilfalle oppdrettskommunene skal fordeles gjennom et havbruksfond, og ber regjeringen, i forbindelse med statsbudsjettet for 2016, legge frem forslag om innretningen på et slikt fond.

Komiteen ber videre regjeringen legge frem en drøftelse av ulike fordelingsnøkler, og legge frem den fordelingsnøkkel den finner mest tjenlig for å sikre rimelig fordeling av fondet til alle kommuner og fylkeskommuner som har oppdrettsvirksomhet.

Komiteen ber regjeringen involvere relevante aktører på området, i utarbeidelse av lovendring og forskrift(er)."

Departementet meiner at eit havbruksfond både skal sikre ei rimeleg fordeling på alle kommunar med oppdrettsverksemder, samstundes som det skal stimulere kommunane til å gje næringa tilgang til eigna lokalitetar. Ordninga skal vere enkel å administrere, og skal gje påreknelege (trygge) inntekter for kommunane. Det vert drøfta om havbruksfondet skal inndelast i 11-13 kystområde, eller om det skal etablerast eit felles område for heile landet.

Det siste vil sikre at framtidige kapasitetstildelingar vert fordelt til alle kommunar/fylkeskommunar som har oppdrettsverksemd, uavhengig av om kapasiteten aukar, minkar eller er uendra i det regionale nærområdet. På den måten ivaretek ein at alle kommunar som vert påverka av oppdrettsnæringa og deira lokalitetar vil få sin del av fondet uavhengig av kor veksten/ endringane kjem i landet.

Inntektene: Storleiken på inntektene vil variere av kva pris som vert oppnådd ved tildeling av ny kapasitet, og fordeling av fastpris eller auksjon. Nedunder har departementet vist ein tabell 1 som viser inntekter under ulike rammevilkår:

Andel vekst/Vederlag pr. tillatelse	10 mill. kr	30 mill. kr	50. mill. kr	70 mill. kr
Vekst i 100% av prod.områder	455 397 976	1 366 193 928	2 276 989 880	3 187 785 831
Vekst i 50% av prod.områder	227 698 988	683 096 964	1 138 494 940	1 593 892 916
Vekst i 10 % av prod.områder	45 539 798	136 619 393	227 698 988	318 778 583

Tabell 1: Kommunal sektors inntekter fra økt kapasitet i år 1.

Vidare vert det vist i eigen tabell 2 dei årlege inntektene til kommunane med eit havbruksfond der kapasiteten berre vert tildelt annakvart år. (Tabell 1 dividert med 0,8 og multiplisert med 0,7).

Andel vekst/Vederlag pr. tillatelse	10 mill. kr	30 mill. kr	50. mill. kr	70 mill. kr
Vekst i 100% av prod.områder	199 236 614	597 709 843	996 183 072	1 394 656 301
Vekst i 50% av prod.områder	99 618 307	298 854 922	498 091 536	697 328 151
Vekst i 10 % av prod.områder	19 923 661	59 770 984	99 618 307	139 465 630
Arealavgift á 17 øre per kilo	221 000 000	221 000 000	221 000 000	221 000 000

Tabell 2: Kommunenes årlige inntekter fra økt kapasitet med fordeling av inntektene over to år.

Siste line i tabellen viser til samanlikning alternativet med ei arealavgift på 17 øre per kilo og produsert volum på 1,3 millionar tonn. Tabellane viser at ei arealavgift er mest gunstig dersom prisen er under ca 27 millionar og dersom 50 % av produksjonsområda vert opna for vekst.

Departementet drøfter vidare fordeling av inntektene og drøftar ulike modellar, alt frå slaktevolum, til å fordele likt mellom kommunane, til å fordele i høve lokalitets-MTB. Ved den siste modellen vil dei kommunane som har mest oppdrett få dei høgaste inntektene. I eige vedlegg er det vist oversikt over kor høge inntektene då vert kommunevis basert på tilfeldige valde verdiar (500 mill kroner, 1 mrd kroner og 2 mrd kroner). Departementet tilrår denne fordelinga, og ber høyringsinstansane vurdere dette nærmare.

Vedlegg 1 viser at Gulen kommune kan få 1,39 % av dette fondet basert på 2015 tal, og at ved ei inntekt på 0,5 mrd 1 mrd og 2 mrd. kroner til fondet vil kommunen få ca 6,9 mill, 13,9 mill eller 27,8 mill kroner.

Vidare vert det tungt drøfta om ein del av fondet skal haldast av til fordeling etter nye lokalitets-MTB, dette for å stimulera kommunane til å finna nye lokalitetar. Departementet meiner dette kan få uheldige utslag om t.d. denne potten eit år vert stor, og berre eit par kommunar det aktuelle året får til ei auke av MTB. Havbruksfondet i seg sjølv bør vere insentiv nok til å tenke utvikling, for stort fokus på nye lokalitetar kan i ytste konsekvens medføre at fokus vert inntekter føre berekraftig utvikling for næringa.

Nettverket for kyst- og fjordkommunar og Sjømat Norge tek i sitt høyringssvar til ordet for at 10% av kommunane sin del av fondet bør gå til nye lokalitets-MTB.

Til slutt vert frekvensen av utbetalingane drøfta:

1) utbetaling etter kvar, 2) fast utbetaling, 3) prosentvis utbetaling

Modell 1 medfører utbetaling kvart 2 år, sidan kapasitetsauken skal skje kvart 2 år. Denne modellen vert sett på som den enklaste å forvalta og vil gje kommunane råderett over midlane med ein gang.

Modell 2 medfører sikre inntekter, men for å unngå at fondet går i minus, vil det til ei kvar tid vera pengar igjen i fondet. Det igjen kan bety tapte renteinntekter for kommunane.

Modell 3 med prosentvis utbetaling liknar litt på modell 2, men inntektene vil variere meir enn denne.

Saksvurdering og konklusjon

Rådmannen har vurdert dei ulike sidene av framlegget og rår til at formannskapet kjem med ei fråsegn som støttar opp under at det vert etablert eit havbruksfond basert på lokalitets-MTB. Grunngevinga for dette er at då vert inntektene fordelt likt etter den påverknaden havbruksnæringa har på areala i kommunane, og at dette lettast kan opplevast som rettferdig. Vidare vil det vera uheldig om kommunar som kom tidleg i gang med oppdrettslokalitetar skal «straffast» ved at berre vekstkommunar får ta del i havbruksfondet. Av same grunn rår ein frå at det vert øyremerka ein eigen pott som berre skal gå til kommunar med nye lokalitets-MTB.

Når det gjeld utbetalingsmodell rår ein til modell 1 som medfører utbetaling etter kvart, sidan denne er enklaste å forvalta og vil gje kommunane full råderett over midlane med ein gang.

Rådmannen vil difor rår til at Gulen kommune støttar at det vert etablert eit nasjonalt havbruksfond, og at midlane vert fordelt etter lokalitets-MTB. Midlane bør utbetalast etter kvart inntektene kjem inn. Kommunar og fylkeskommunar må få 80 % av inntektene.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak

1. Gulen kommune støttar at det vert etablert eit nasjonalt havbruksfond, og at midlane vert fordelt etter lokalitets-MTB. Havbruksfondet i seg sjølv bør vere insentiv nok til å tenke utvikling, og vi rår difor frå å setje av delar av fondet til nye lokalitets-MTB.

2. Kommunar og fylkeskommunar med oppdrettsverksemdar må få minst 80 % av inntektene. Tildeling av midlar frå Havbruksfondet må ikkje medføre ein avkortning av andre tilskot/overføringar frå staten til kommunane.
3. Midlane må utbetalast etter kvart inntektene kjem inn.
4. Fondet må få ein storleik som gjer det interessant å utvikla oppdrettsnæringa vidare for kystkommunane, difor må vederlaget for nye oppdrettsløyver setjast høgt. Siste tildelingsrunden, med frist 31.12.2016 for innløyving av vederlaget for vekst bør inngå i den nye ordninga.

Behandling i Formannskapet 12.02.2016

Nytt framlegg til vedtak frå Høgre

«Nytt Pkt 4.

4. Som vertskommune for harvbruksnæringa ynskjer Gulen kommune å legge til rette for vidareutvikling av desse bedriftene. Havbruksfondet vil vere eit viktig verkemiddel for å oppnå dette».

Røysting

Administrasjonen sitt framlegg med tillegg frå Høgre punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Vedtak FSK-002/16

1. Gulen kommune støttar at det vert etablert eit nasjonalt havbruksfond, og at midlane vert fordelt etter lokalitets-MTB. Havbruksfondet i seg sjølv bør vere insentiv nok til å tenke utvikling, og vi rår difor frå å setje av delar av fondet til nye lokalitets-MTB.
2. Kommunar og fylkeskommunar med oppdrettsverksemdar må få minst 80 % av inntektene. Tildeling av midlar frå Havbruksfondet må ikkje medføre ein avkortning av andre tilskot/overføringar frå staten til kommunane.
3. Midlane må utbetalast etter kvart inntektene kjem inn.
4. Som vertskommune for harvbruksnæringa ynskjer Gulen kommune å legge til rette for vidareutvikling av desse bedriftene. Havbruksfondet vil vere eit viktig verkemiddel for å oppnå dette.
Fondet må få ein storleik som gjer det interessant å utvikla oppdrettsnæringa vidare for kystkommunane, difor må vederlaget for nye oppdrettsløyver setjast høgt. Siste tildelingsrunden, med frist 31.12.2016 for innløyving av vederlaget for vekst bør inngå i den nye ordninga.